

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 13/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr:

TURKART

Fjellstyret har i sak 84/02 vedteke å trykke opp nytt turkart for kommunen. Statens kartverk har sendt oss følgjande tilbud:

1. Kartverket produserer slikt kart som et ordinært oppdrag

Kartgrunnlaget hentes fra N50 Kartdata. Manus leveres av Vestre-Slidre kommune. Det gjelder både ekstra temainnhold på kartsiden og all informasjon på tekstsiden. Vi forutsetter at ekstra temainnhold på kartsiden er omtrent av samme omfang som dagens turkart Vestre Slidre. Vi forutsetter også at det er lest korrektur på teksten før den oversende oss. Pris på 2000 eks. er kr 125.000.

2. Turkart Vestre-Slidre som en del av Kartverkets turkartserie.

- Kartet produseres etter mal, så langt råd er tilpasset lokale forhold
- Kommunen og/eller fjellstyre bidrar med tekst og bilder til side to. Likeså ved valg av forsidebilde
- Kommunen og/eller fjellstyre bidrar til korrekturlesing
- Kommunen og/eller fjellstyre binder seg, sammen med andre?, til totalt å forhåndskjøpe minst 2000 eks a kr. 50 pluss mva
- Kartverket tar med kartet i sin turkartserie
- Kartverket markedsfører kartet (Egne kataloger, Fjell og Vidde, Hytteliv etc)
- Turkartet vil bli til salgs over hele landet og i utlandet
- Kartet ajourføres av Kartverket med jevne mellomrom, første gang etter fire år. Dette uten direkte kostnader for kommunen. Kommunen leverer kun oppdatert informasjon

3. Vestre Slidre kommune eller fjellstyre kjøper grunnlagsdata

Pris på grunnlagsdata med markedsrett og disposisjonsrett er kr 32.200.

Alle priser er eks. moms og eventuell frakt.

Det enklaste er å gå inn for at kartet går inn som ein del av kartserien til Statens kartverk. Då har vi ikkje full kontroll med korleis kartet blir utforma. Det vil seia at vi m.a. ikkje kan bruke endringane på namn vi har gjort på vårt eige kart. Kartet vil bli lett tilgjengeleg utanfor vårt område gjennom Statens kartverk sin salsorganisasjon. Vi har bedt kartverket vurdere pristilbodet på nytt. Pristilbodet går ut frå 2000 eks., men vi bør vurderer å auke opplaget til 3000 stk som berre gir ein prisauke på kr ca kr 3.500.

Gir vi ut kartet sjølve kan vi få det meir som vi ynskjer, men det vil bli meir arbeid. Ut frå tilbod frå Statens kartverk er det ikkje så stor økonomisk forskjell på dei to løysingane. Vi ventar også på tilbod frå Norkart (dei som utarbeidde det førre kartet).

Vi bør også ta ei drøfting av innhaldet på kartet, både fram- og baksida. På eksisterande turkart ville vi ikkje ha for mykje "forstyrrende" informasjon på framsida. På det nye kartet Gol-Fagernes er skiløyper og merka turstigar lagt på med eige farge på framsida av kartet. Dette er drøfta med løypelaga og dei ynskje at vi i staden trykte løypekartet på baksida av kartet. Kartet blir truleg mest brukt sumar/haust. Turistkontoret ynskjer seg informasjon om fiske og bue ved Matkista samt informasjon om bomvegane. Sykkelistigar og gapahukar kan også vera aktuelt. På det nye kartet bør vi kanskje ha med noko om fjellstyret og administrasjon av statsallmenningane. Bruk av GPS er etter kvart vanleg og vi bør ha litt om dette.

VEDTAK:

Fjellstyret ynskjer å stå som utgivar av kartet og gir administrasjon fullmakt til å gjera avtale med kartprodusent.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: